



KVINNHERAD
K O M M U N E

Seksjon kultur, næring og utvikling

Sigbjørn Magne Sæbø
Nedre Sæbø 20

5454 SÆBØVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Francesca Galdiolo		2017/2131-5		25.08.2017

LØYVE TIL BYGGING AV SKOGSVEG- Delegert vedtak

Vegformann: Sigbjørn Magne Sæbø
Vegnamn: Heiovegen
Vegklasse: 3
UTM koordinatar: 6633824,4N 315784,5Ø
Veglengde: 253 meter
Delegert saksnr: 2017/379

Vedtak:

Med heimel i skoglova §17 og forskrift til denne vert søknad journalført 18.05.2017 og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent med delegert saksnr.: 2017/379

Vilkår:

Arbeidet skal vere avslutta innan 3 år frå dags dato.

Massetak og skjeringar skal pussast til i samsvar med «Normaler for landbruksveier...»

Dersom det vert funne fornminne skal Fylkeskonservator varslast jfr svarbrev frå Hordaland Fylkeskommune.

At det vert utarbeid vegplan (minst lengdeprofil og kartdokumentasjon på vegtraseen)

Vegformann gir melding til Kvinnherad kommune når veganlegget er ferdig slik at det kan utførast resultat og miljøkontroll på vegen.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort dersom det ikkje er fornya innan utløp av 3-årsfristen.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om dette vedtaket

Grunnlag for løyvet

Arealstatus: Den omsøkte arealbruken er i samsvar med kommunedelplan

Nabovarsel: Naboar og gjenboarar er lovleg varsla. (Det ligg ikkje føre protestar.)

Avkøyrslø til offentlig veg: ikkje aktuelt

Lovheimler

- *Lov om skogbruk*
- *Lov om forvaltning av naturens mangfold*
- *Retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland 2013*

Vurdering

Løyve til bygging av landbruksveg skal berre gjevast når det er avklara at det ikkje er serskilte naturverdiar i veglinja som vert øydelagd eller skadd. Det skal takast omsyn til skogsområda sine funksjonar i høve biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.

Søknaden er vurdert etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget

Planlagt vegtrase er vurdert ut i frå Artsdatabanken (artskart) og Naturbase.

Kommunen kan ikkje sjå registrerte sårbare arter eller viktige naturtypar i eller ved veglina. Hogst av granskogen vil endre landskapet og dagens økologiske tilstand, men det vert ikkje vurdert at inngrepet vil gje særskilte negative konsekvensar då dette er kulturskog utan

særskilte miljøverdiar.

§ 9 – føre-var-prinsippet

Ein har tilstrekkeleg kunnskap og erfaring om hogst av kulturskog og området har ikkje registrerte sårbare artar eller viktige naturtypar, jf. Kilden arealinformasjon frå Skog og Landskap, <http://kilden.skogoglandskap.no/map/kilden/index.jsp>

og det er ikkje relevant å setje vilkår om førevar prinsipp i denne saka.

§ 10 – økosystemtilnærming og samla belastning

Driftsområdet ligg innafor eit større område med planta granskog der det ikkje er registrert spesielle natur- og miljøkvalitetar. Fleire skogsbilveggar er bygd i området. Kommunen meiner at hogst i denne kulturskogen er tradisjonelt skogbruk.

§ 11 – kostnadane ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar

Vegen skal byggjast i samsvar med gjeldande lovverk og standardar, jf. Rettleiar om vegbygging med miljøomsyn og Krav om Resultatkontroll ved ferdigstilling.

§ 12 – miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det vert ikkje sett krav om serskilte hogstformer etter at vegen er bygd.

For rådmannen i Kvinnherad

Sakshandsamar

Francesca Galdiolo

Kartutsnitt

Kopi til:

Referatsak forvaltningskomiteen